

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ronny Mehus Rugland	K1-223	25/1309

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/26	Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond	PS	03.09.2026

Ulla Førre næringsfond - Suldalstrappa søknad om endring av pant

Kommunedirektøren si innstilling

Alternativ A

Fondsstyret vedtar at

1. 2 millionar kr av lånet på 3,5 millionar kr til Suldalstrappa AS blir omgjort til støtte. Finansiert av fondskapitalen.
2. Restlånet på 1,5 millionar kr forblir rente og avdragsfritt til 01.01.2027 med pant i ustyret

Alternativ B

Fondet fråseie seg pantet på maskin og utstyr i Suldalstrappa AS mot følgjande punkt. Alle punkta må vere oppfylt før kommunen fråseier seg pantet.

1. Suldalstrappa AS sel maskinparken til Brage Finans AS for 2,6 millionar kr og heile kjøpesummen på 2,6 millionar kr blir innbetalt til Suldalstrappa AS.
2. Suldalstrappa AS kan ikkje betale ut utbytte på 5 år.
3. Suldalstrappa AS tilbakeleiger utstyret i frå Minus Furniture AS til marknadspris. Administrasjonspåslaget mellom Minus Furniture AS og Suldalstrappa kan maksimalt vere på 10%. Suldal kommune skal godkjenne sals- og tilbakeleigeavtalen. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne avtalen.
4. Maskin og utstyr skal stå på fabrikk på Sand i heile leigeperioden. Leigeperioden skal vere på minimum 5 år. Fondet har forkjøpsrett ved eventuelt vidaresalg.
5. 500 000 kroner av salgssummen på 2,6 millionar kr blir innbetalt til fondet som ekstraordinær nedbetaling på næringsfondslånet
6. Suldal kommune skal behalde pantet i varelager og kundefordringar.

Alternativ C

Søknaden blir avslått

Sand, 27.08.2026

Fakta

Suldalstrappa AS (org. nr. [930 834 475](#)) fekk 22.02.2023 eit lån på 3,5 millionar kroner i frå Ulla Førre næringsfond til kjøp av inventar, maskinpark og varelager. Suldal kommune har tinglyst pant i utstyr, varelager og kundefordringer som sikkerheit for lånet. Lånet er avdragsfritt fram til 01.01.2027. Maskinparken er blitt verdsett til kr 2,6 millionar kr av eit uavhengig takstfirma. Varelageret er bokført per 31.12.2025 til kr 1,325 mill kr.

Kundefordringene har det siste åra vore om lag kr 700.000,-.

Suldalstrappa AS er i ein økonomisk vanskeleg situasjon og er avhengig av meir kapital for å overleve.

Fondsstyret vedtok i sak 11/26 at kommunen skulle kjøpe maskinparken, avrekna mot lånet, for kr 2,9 mill kr eksklusiv mva og lease utstyret tilbake, sak 11/26. Kommuneadvokaten i Karmøy kommune har på førespurnad i frå Suldal kommune vurdert at vedtaket kan vere ulovleg, sjå vedlegg. I tillegg har Suldalstrappa AS gitt tilbakemelding om at vedtaket ikkje er gjennomførbart, då det ville ha utløyst ei mva-rekning som dei ikkje har midlar til å betale. Suldalstrappa AS har levert inn ein ny søknad om endring av lånevilkåra. Dei skildrar i søknaden at ein av eigarane, Minus Furniture AS, via Brage Finans AS, kjøper maskinparken til Suldalstrappa AS til marknadspris, 2,6 millionar kroner og leige tilbake maskinparken til Suldalstrappa AS gjennom ein månadleg abonnementskostnad (salg og tilbakeleige). Forutsetninga er at Suldal kommune fråseier seg pant i maskinparken. Påslaget for å tilbakeleige utstyret til Suldalstrappa AS er på 10%. Det er Brage Finans AS som blir ståande som eigar av utstyret. Forslaget betyr at Suldalstrappa får 2,6 millionar kr i likvide midlar, noko som vil redde selskapet på kort sikt. Det vil samtidig gje selskapet høgare framtidige driftskostnader, då selskapet må betale både for leige av maskinparken og renter og avdrag på næringsfondslånet i åra framover. Næringsfondet blir sittande igjen med pant i varelager og kundefordringar.

Suldalstrappa AS skriv at dei har gjennomført kostnadskutt og at eigarane har gått inn med eit aksjonærlån på 1,1 millionar kr, som delvis kan bli omgjort til aksjekapital. Det er likevel ikkje nok for å redde selskapet. På lengre sikt har selskapet tru på god inntening og på at dei skal få inn nok pengar til å gjere opp for seg. Suldalstrappa AS skriv til slutt i søknaden at utan ei løysing på næringsfondslånet så er det ikkje grunnlag for vidare drift.

Økonomiske konsekvensar

Ved å seie frå seg pant i maskin og utstyr er det større sannsyn for at deler av næringsfondslånet går tapt ved eventuell konkurs. Ved å omgjere deler av lånet til støtte, så tar ein tapet i år.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Retningslinjer for Ulla førre næringsfond.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren vurderer det til at det beste alternativet er å ta tapet no ved å omgjere deler av lånet til støtte (alternativ A). Det er transparent, og bryt ikkje med fondsvedtektene. Suldalstrappa vil eige sitt eige utstyr. Det vil gjere det enklare for Suldalstrappa AS å få inn anna kapital, anten lån eller eigenkapital. Det vil gje selskapet mindre kostnader i framtida. Fondet er framleis sikra å få 1,5 millionar kr igjen ved konkurs. Ulempen med alternativ A er at fondet må tapsføre 2 millionar kr i dag.

Når det gjeld sal- og tilbakeleigealternativet (alternativ B), så har kommunedirektøren følgjande kommentarar.

- Fondet kan ikkje gje støtte til ordinær drift. Ved å fråseie seg pantet så gir ein i praksis driftsstøtte.

- Ved å fråseie seg pantet så er ikkje lånet lengre på marknadsmessige vilkår, det kan difor bli rekna som ulovleg statsstøtte.
- Fondet vil sitje igjen med pant i varelager og kundefordringar. Bokførte verdiar på varelager og kundefordringar kan ikkje utan vidare leggjast til grunn som realisasjonsverdi ved konkurs eller tvangssal. Forventa verdi vil kunne bli redusert av ukurans, manglande betalingsevne hos kundane, sals- og inndrivingskostnader og kostnader ved konkursbehandling. Kommunedirektøren trur inndekninga vil vere låg ved eventuell konkurs i framtida.
- Suldalstrappa AS vil få likvide midlar på kort sikt. På lengre sikt vil selskapet både betale leasingskostnad og renter og avdrag på lånet.
- Noko av salssummen bør gå til nedbetaling av næringsfondslånet, men i følge styret vil det vere anstrengande for likviditeten og minske sjansen for ein vellykka snuoperasjon.

Suldalstrappa AS meiner at både alternativ A og alternativ B kan sikre vidare drift. Alternativ A er meir utfordrande, men kan opne opp for at andre långivarar kan kome på banen (Innovasjon Norge, andre).

Dersom fondsstyret veljer å avslå søknaden så er det stor sannsyn for konkurs (alternativ C), då vil kommunen få dekning for deler av næringsfondslånet. Kva den reelle verdien på pantet er ved ein eventuell konkurs er usikkert, og dermed er det og usikkert i kva grad ein vil få dekkja lånet.

Dersom fondsstyret veljer alternativ B, så bør dei vurdere å få vedtaket godkjent i kommunestyret då det etter kommunedirektøren si vurdering går utover fondet sitt mynde.